



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmeisteren for Svalbard

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 VESTNES

Dato: 07.07.2023  
Vår ref: 21/03781-6  
Deres ref: PLAN-20/00295-9

## Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for massetak på Stokkeland i Vestnes kommune

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 8. juni 2023.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemnd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

### Om planen

Hensikta med planforslaget er å kunne legge til rette for å vidareføre eksisterande uttak av stein ved sprenging av fjell. Omfanget av uttaket vil vere mellom 5000 og 9000 m<sup>3</sup> fast fjell. Ein liten del av området var tidlegare gitt dispensasjon for uttak av massar med vilkår om utarbeiding av reguleringsplan.

Det er vurdert at tiltaket ikkje er omfatta av forskrift til konsekvensutgreiing, ettersom deler av området er konsekvensutgreidd i kommuneplanen.

### Fråsegn frå DMF

DMF viser til svar på høyring av søknad om dispensasjon for utviding av masseuttak på Stokkeland, datert 27.11.2019 og til fråsegn til varsel om oppstart av detaljplan for steinuttak på Stokkeland, datert 23.04.2021. I sistnemnde fråsegn etterspurde vi opplysingar om driftskonsesjon, driftsplan, sikring og skjerming, og utgreiing av mineralførekomensten med eventuelle kvalitetsvariasjonar.

Førekomensten er gjort greie for i planomtalen, som viser til at fjellgrunnen består av gneis med varierande sprekkdanning, og at prøver viser god kvalitet på steinen. Steinen kan vere eigna til bruk i asfaltproduksjon og berelag i riks- og fylkesvegar.

### Merknader til planføresegnene

#### *Sikring*

Føresegns 3.1 legg føringar for at området skal sikrast med gjerde. DMF oppmodar generelt til at føresegnsene ikkje inneheld detaljar om type sikringstiltak, ettersom



dette kan innebere at det må søkjast om dispensasjon ved behov for endring. Slike detaljer bør berre inngå i driftsplanen som skal godkjennast av DMF. Vi rår til å endre føresegna til følgjande, eller tilsvarende formulering:

«*Uttaksområdet skal til ein kvar tid skal vere forsvarleg sikra, både før, under og etter drift*».

#### *Uttaksmengd*

Fellesføresegn 1.1 gir estimat av uttaksmengd på mellom 5000 og 9000 m<sup>3</sup> fast fjell. DMF rår ifrå å legge føringar for maksimal uttaksmengd i føresegnene, sidan behov og etterspurnad etter byggeråstoff er marknadsstyrt og det kan bli behov for endring ettersom drifta går føre seg. I dette tilfelle er det heller ikkje spesifisert om estimatet gjeld uttak per år eller total mengd. Desse detaljane må gå fram av planomtalen og driftsplanen, og ikkje i føresegnene. DMF rår derfor til at dette blir teke ut av føresegnene.

#### Minerallova

Føresegn 3.1 legg fram at drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova, og at driftsplan skal reviderast. Opplysningar gitt i føresegn 1.1 som nemnd ovanfor, viser at uttaket er sett til å ha ei grense på 9000 m<sup>3</sup> massar, utan at det er spesifisert om det gjeld årleg uttak eller total uttaksmengd.

I vårt svar til dispensasjonssøknad for uttaket, 27.11.2019, trakk vi fram opplysingar frå driftsplan som var vedlagt dispensasjonssøknaden. Der var det gitt at *Vanlig uttak pr. år blir mellom 5000 og 7000 m<sup>3</sup>*. Vi la dei same opplysingane til grunn i fråsegn til oppstartsvarslel for reguleringsplanen, og vurderte dermed uttaket som konsesjonspliktig. Vi minner om at det er samla uttak over 10.000 m<sup>3</sup> massar totalt som utgjer krav om driftskonsesjon etter minerallova § 43.

DMF vart i 2020 orientert om at tiltakshavar hadde starta prosessen med å utarbeide søknad om driftskonsesjon, i samband med varsel om stans av drift frå DMF. DMF ga etter dette pålegg om stans av drift, 06.08.2020. Vi kan framleis ikkje sjå at det er søkt om driftskonsesjon til DMF, og vi oppmodar om at søknad blir sendt snarleg slik at sakshandsaming av plan og konsesjon kan gå føre seg parallelt. Drift i uttaket kan ikkje starte før driftskonsesjon er tildelt frå DMF.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm  
rådgjevar



*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarar:

Vestnes kommune

Rådhuset

6390 VESTNES

Kopi til:

Statsforvalteren i Møre og  
Romsdal

Postboks 2520

6404 MOLDE